



Stad kommune

# INFO frå Stad kommune / okt 2020

til tilsette

## Informasjon om lokale lønsforhandlingar 2020

### Generell informasjon

Arbeidstakarar vert ved tilsetjing innplassert i lønskapittel etter hovudtariffavtalen, enten i kap. 3, 4 eller 5.

Kap. 3 gjeld leiarar, her under toppleiarar, einingsleiarar og assisterande leiarar. Leiarane får si løn fastsett lokalt, og får løna si direkteplassert (altså løna er ikkje fastsett etter ein lønstabell, men etter ei skjønsmessig vurdering frå arbeidsgjevar si side). Det vert årleg gjennomført lokale lønsforhandlingar for leiarar omfatta av kap. 3. Også tilsette som vert innplassert i lønskapittel 5, får direkteplassert løn ved tilsetjing og får forhandla løna si lokalt utan fastsett lønspott. I Stad kommune gjeld dette kapittelet for dei som er tilsett i stilling som ingeniør, jordmor, lege, psykolog og rådgjevar.

### Forhandlingsdatoar:

**03.11.2020:**

HTA kap. 3.4.2, 3.4.3 og 3.5

**04.11.2020:**

HTA kap. 3.1, kap. 5 og særskilde forhandlingar

**05.11.2020:**

Særskilde forhandlingar

Elles vert tilsette innplassert i kapittel 4, der løna for dei ulike stillingsgruppene er fastsett sentralt. Årleg vert det gjennomført sentrale forhandlingar ut frå ein fastsett lønspott, men også lokalt dersom det sentralt vert sett av midlar til lokal lønspott. Vi har såleis høve for å forhandle om individuelle lønstilllegg, kompetansetillegg og funksjonstillegg lokalt dersom det vert sett av pengar til dette. Partane sentralt har blitt samde om ny hovudtariffavtale, men Akademikarane forkasta siste tilbod og for dei går oppgjeret til mekling. Meklingsfristen er sett til 14.10.2020.

Tilsette i kap. 4 har fått juster løna si sentralt, sjå [tariffrevisjon pr. 01.05.2020](#).

Det er ikkje avsett lokal lønspott i 2020 til tilsette i kap. 4.

Tilsette i kap. 4 kan krevje særskilde forhandlingar gjennom sin organisasjon på visse vilkår etter hovudtariffavtalen kap. 4.2, sjå nærare om dette nedanfor.

### Den økonomiske ramma til forhandling i HTA kap. 3 og 5

Partane sentralt legg til grunn at lønsutviklinga for leiarar i HTA kap. 3 og arbeidstakarar i HTA kap. 5 må følgje dei same økonomiske rammene som for arbeidstakarar i HTA kap. 4. Frontfaget (konkurransetuttsett industri) sine føringar for årslønsvekst, har ei ramme på 1,7 %, og denne vil vi følgje i forhandlingane. Det er ikkje gitt ein lokal pott til lokale lønsforhandlingar i år etter kap. 4.

forts. s. 2

Partane er samde om at vi må sjå til oppgjeret i kap. 4 og sikre likebehandling av tilsette i organisasjonen. Det er såleis lagt opp til eit solidarisk oppgjer i år.

Grunna liten økonomisk ramme til forhandlingar i år, klarar vi ikkje å harmonisere utilsikta lønsskilnadar i 2020. Vi legg opp til eit enkelt lønsoppgjer i år.

Verknadstidspunktet for lønsendringa skal skje frå 01.05.2020 då dette er avtalt i lønspolitisk plan for Stad kommune.

## Fristar for å fremje lønskrav

Organisasjonane sin frist for å fremje lønskrav til arbeidsgjevar er sett til **21.10.2020**. Tilsette må derfor sende sine krav til organisasjonane, så fort som mogleg og før dette tidspunktet. Organisasjonane set eigne kravfristar for sine medlemmer.

Kravskjema ligg i Compilo i mappe for *personal og HMS – Løn og arbeidsvilkår*.

Uorganiserte har ikkje forhandlingsrett.

Organiserte, som ikkje har lokalt forbund, må sjølve kontakte fylkes- eller sentralleddet i sitt forbund dersom ein ønskjer å nytte dei i forhandlingane. Organiserte, som ikkje har lokalt forbund, må gje underteikna beskjed innan **12.10.2020** dersom ein vil nytte fylkes – eller sentralleddet til å forhandle for seg.

Uorganiserte og organiserte utan lokalt forbund kan sende kravskjema direkte til personalsjef: Heidi Kroken Bruland, heidi.bruland@stad.kommune.no. Frist for å setje fram krav er **21.10.2020**.

## Forhandlingsdatoar:

**03.11.2020:** HTA kap. 3.4.2, 3.4.3 og 3.5

**04.11.2020:** HTA kap. 3.1, kap. 5 og særskilde forhandlingar

**05.11.2020:** Særskilde forhandlingar

## Særskilde forhandlingar – HTA kap. 4 og kap. 5.2

Tilsette som er lønsplassert i HTA kap. 4 kan fremje krav gjennom sine organisasjonar som kan be om særskilde forhandlingar etter HTA kap. 4.2.2, 4.2.3 og 4.2.4.

Etter kap. 4.2.2 kan det forhandlast om auka løn som følgje av større organisatoriske endringar og ved vesentleg endring i arbeids- og ansvarsområde.

Etter kap. 4.2.3 kan det forhandlast om endra løn for å behalde arbeidstakarar. Arbeidsgjevar vil berre forhandle etter denne regelen om den tilsette har fått tilbod om anna stilling.



Grunna liten økonomisk ramme til forhandlingar i år, klarar vi ikkje å harmonisere utilsikta lønsskilnadar i 2020.

Vi legg opp til eit enkelt lønsoppgjer i år.

Heidi Kroken Bruland, Personalsjef Stad kommune

Etter kap. 4.2.4 vil tilsette kunne forhandle om endra løn som følgje av etter/- vidareutdanning. For utdanninga innan høgskule og fagskule med studiepoeng følgjer vi lønspolitisk plan og tilsette kan søkje om kompetansetillegg. Krav etter denne regelen gjeld difor tilsette som tek anna utdanning som ikkje dekkjast av desse reglane, då primært fagbrev.

Tilsette som er lønsplassert i HTA kap. 5 kan fremje krav gjennom sine organisasjonar som kan be om særskilde forhandlingar etter HTA kap. 5.2 (behalde og vesentleg endring av arbeidsområde).

## Lønsskilnadar i kap. 3 - leiarar

Vi har i dag lønsskilnadar mellom einingsleiarar som skuldast at vi har utvikla ein praksis i Eid kommune der leiar med master i leiing ligg kr. 20.000 over leiar med elles like vurderingskriterier. For leiarutdanning med 30 studiepoeng er det kr. 5.000, 60 studiepoeng kr. 10.000. Dette er retningsgivande i ei heilskapsvurdering, og ikkje rettar den enkelte har.

Med vennleg helsing

Heidi Kroken Bruland  
personalsjef